

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Vikedal

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag: — " —

Oppskr. av: Liva Solheim

Gard:

(adresse): Vikedal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *nein*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

K. Lillemo (93 år) Vikedal

SVAR

Mjolk.

1. Bruken av mjolk har auka mykje i dei siste åra. Serlig brukar ein mein myseilt mjolk.
2. Ein drakk mjolk som leskedrykk utan å eta altat, så og no.
3. Ein laga saup, bleng, skyr og primblende av mjolka. No vert det bruka mest sur mjolk og saup til drykk altat, orvaten eller som leskedrykk.

Øl.

4. Øl (heimbrygga) vart mylta som kvardagsdrykk til graut og annan mat. Det vart kalla tynt øl. Ikkje så mykje brukt. Slutta med det for ca 70 år sidan.

Kaffi

5. Kaffi vart kvardagsdrykk for ca 80 år sidan.
6. Ein drikk kaffi 2-3 gonger til dagen.

7. Dei fleste kokar kaffien. Har gjerne kaffien på med ein gong ein set han på, helst zinnalen kaffi. Mange brukar klåreskin, somme litt salt. Summe spår i grut, men berre for orvato no. Veit ikkje om regler for det.

9. Dei fleste brukar raffinade til kaffien, sume i kaffien. For bruka dei mykje kaudis. Kjøper det ferdig.

10. Dei fleste brukar fløyte eller mjølk i kaffien. Ein kjennur og til at det hadorni brukt vispa egg i kaffien dersom ein ikkje har fløyte. No er mange byrja å drikka svart kaffi av di ein meiner det er betre for helsa.

T.

11. Sume drikk se til kvelds. Byrja med det for ca 50 år sidan. Under krigen laga ein se av solbar og bringebærblad og anna.

Brennevin.

12. Ein brukte lite brennevin til kvardags.

13. Nyare drykk.

No vert det brukt noko kjøpeøl, vorkøl, selters og brus, men ikkje til kvardags.